

Innspel til Vaksdal kommune i Dalehall-saka (med kopi til «Vaksdalposten», som lesarbrev der)

Eg ser i nettutgåva av «Vaksdalposten» laurdag 20. august at det er halde innspelmøte om Dalehallen, og at ingen rivingsmotstandarar møtte opp. Kvifor veit eg ikkje, men eg veit etter mange samtaler med folk at der finst ein heil del av dei. Eg er sjølv éin, men eg har vore vekkreist ei tid. Ved «hjelp» av ettersendinga til Posten kom «VP» av 11. august meg i hende fyrst den 19., difor har eg ikkje visst om møtedatoen. Eg vonar det er i orden å kome med innspel og kommentarar i ettertid.

Då Dalehallen vart gjeven frå Dale Arbeiderforening til Vaksdal kommune, fylgde der med ein klausul. Det er underleg at ikkje denne klausulen låg føre til formannskapsmøtet i slutten av mai. Heller ikkje var han nemnd i avisreportasjen frå møtet 17. august. I beste fall er dette særslapp saksførebuing, i verste fall er det tilsikta for å halde klausulen ukjend for folk og deira tillitsvalde i styre og stell. Det vitnar iallfall om for låg respekt for folk. - Klausulen seier at Dalehallen ikkje kan rivast utan at noko tilsvarande vert bygt opp att. I uttrykket «tilsvarande» ligg samfunnssal eller iallfall noko samfunnsgagnleg, er det forklart meg. Når dette står så klårt, kvifor i det heile snakke om å rive? Om det står på kostnadene, må det då verte langt dyrare å rive og byggje nytt enn å prøve å få noko ut av det noverande bygget, sjølv om mykje lyt gjerast med det. Eg skjønner at intensjonen ikkje er å byggje nytt, men det *må* ein faktisk, skal ein fare lovleg åt her.

I ein miljørekneskap, t.d. med tanke på CO₂-utslepp, vil riving og nybygg òg kome dårleg ut, ikkje minst gjeld det betongbygg.

Kero AS ynskte tidlegare å kjøpe Dalehallen. Dei hadde gode planar for opprusting og omgjerung av bygget til ulike samfunnstenlege funksjonar, m.a. fritidslokale for ungdom, noko Dale sterkt treng i dag. Kommunen ville både ha tent på handelen og dei ville ha vore kvitt vedlikehaldsproblemet. Men Kero AS fekk, uforståeleg nok, ikkje kjøpe. Kunne dei kan hende overtalast til ein forseinka handel no?

25. mai i år sende NRK 1 eit program i serien «Arkitektens hjem», der arkitektfirmaet Rebuilding var representert med Ida Winge Andersen som vert i eige husvære, ombygt frå eit nedlagt fabrikklokale. Firmaet driv berre med teikning og ombygging av nettopp slike lokale i tillegg til kontorlokale og forsømde uteplassar o.l. Kunne Dalehall-skalet verte ståande medan det indre vert bygt om, eventuelt til t.d. husvære, ungdomslokale, næringsverksemd, osv.? Då innfrir ein kan hende klausulen om samfunnsgagn samstundes som det ytre og kjende – og arkitektonisk verdfulle - vert teke vare på.

Nabohuset, Vertshus-bygget, vert gledeleg nok no rusta opp. Kunne Dalehallen på nokon måte setjast i stand med tanke på at dei to bygga kan ha synergieffekt på kvarandre, ein slag samverknad?

«Kan ikkje leva på gamle minne», siterte nett-«VP» frå innspelmøtet. Det handlar ikkje om det, men om å ha historia med seg, det handlar om identitet og om å ta vare på Dale-sjela medan ho enno finst. Ho er representert i m.a. bygningar frå den gamle stordomstida til fabriken. Altfor mykje har vorte rive på Dale frå denne identitetsdannande tida, og det verkar for lett vint å ty til riving berre fordi kommunen, som ein annan hushai, har late hus forfalle for så lettare å få folk med seg på å rive dei. Dalingane er med rette stolte av og glade i staden sin, og dei snakkar med glød om den gamle tida. For meg tykkjest det difor rart om der ikkje skulle vere vilje til å få til noko konstruktivt. Kanskje resignerer mange dalingar fordi kommuneadministrasjonen så altfor tydeleg legg føringar for riving?

Marit Merete Lunde